



DEN NORSKE KYRKJA

Norum Sokneråd

Årsmelding for Norum sokneråd 2022

Norum sokneråd 2019-2023

Magne Ahlin, leiar og medlem i fellesrådet

Gunn Kjersti Bårdgard, nestleiar og varamedlem i fellesrådet

Heidi Fondenes, skrivar og vara diakoniutvalet

Gunnhild Øvretun, kasserar og medlem av diakoniutvalet

Sigrid Mari-Ann Brusegard Hovden, styremedlem og medlem av trusopplæringsutvalet

Vegard Sætre, styremedlem og dugnadskoordinator

Rune Haug, fyrste vara og vara til trusopplæringsutvalet

Vegard Bondevik Lie, sokneprest Norum og Leikanger sokn

Varamedlem:

Rune Haug

Tordis Slinde

Gerd Margot Aasen

Per Magne Fimreite

John Lidal

Revisorar: Svein Ølmheim og Bjørg Ølmheim

Kontaktperson for kyrkjelydsbladet: Rønnaug Dahl

Kontaktperson for kyrkjekaffien: Rønnaug Dahl

Representantar i Forstandarskapet til stiftinga Stedjetunet: Rønnaug Dahl og Sveinung
• Brusegard.

Soknerådsmøte

Det har vore fire soknerådsmøte hjå Magne Ahlin på Slinde. Norum sokneråd har handsama tjuetre (23) saker i 2022.

Kyrkjelydsfest

Endeleg kunne me ha kyrkjelydsfest i Nortun att! Det var god stemning, fint pianospel av kantor Hallgeir Øgaard Westli, song frå Norum songlag, god mat og godt loddsal. Loddsalet

ga kr 5832 kontant og vipps 4087,75 = 9919,75 brutto. Inntekta av loddsalet går til kyrkjelydsarbeidet.

Fasteaksjon

Etter nokre år med digital innsamling, kunne fasteaksjonen til inntekt for Kirkens nødhjelp igjen bli utført av konfirmantane som gjekk rundt med bøsser i Norane. Innsamla sum frå Norum sokn var 7661,- kroner.

Konfirmasjon

15. mai: Gudsteneste og konfirmasjon i Ølmheim ved Andreas Danbolt. Det var ni konfirmantar.

Tårnagentsamling

Tårnagentsamlinga i Ølmheim kyrkje vart besøkt av 18 born. Det var aktivitetar og utforsking av kyrkja og servering av pølser etterpå.

Dugnad

Sak 4/2022 Blomehelsingar til 80-åringar og eldre

Vedtak: Me held på ordninga med å gje blomehelsingar til dei som er fødd *før* 1940 kvart år, og dei som er fødd i 1940 og etterpå kvart *femte* år. Både soknerådsmedlemer og andre frivillige deltek i besøka.

Dugnad på og kring Ølmheim kyrkje onsdag 20.april kl. 17.00-19.00

- Måling av kyrkja utsett til 2024
- Ordna grusveg/sti på den nedre kyrkjegarden
- Rydda, raka og stelte på kyrkjegarden

16/22 Restaurering av krossen på taket i Ølmheim kyrkje

Vegard Sætre prøver å få tak i lift for å få ordna krossen og vindskier/dekkbord på nedsida.

Kyrkjekaffi: Me har fire kaffi-komitear beståande av frivillige i soknet, ikkje minst på Fimreite, som steller i stand kyrkjekaffi og noko attåt.

Kyrkjесkyss: Ordninga med kyrkjесkyss held fram, og me vil oppmode folk om å bruke dette tilbodet.

Vidare innsats: Det trengs pengar til reperasjon av kyrkjeorgelet i Ølmheim kyrkje.

Gudstenester m.m.

Januar

- 16. januar: Gudsteneste kl. 11.00 v/Vegard, Bondevik Lie, Ingunn Marie Myren tekstlesar, offer til kyrkjelydsarbeidet

Februar

- 6. februar: Gudsteneste v/Vegard kl. 11.00: Utdeling av 11-års biblar, offer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjevert Gunn Kjersti Bårdgard

Mars

- 6. mars kl. 18.00: Kyrkjelydsfest arrangert av soknerådet. Loddsal til inntekt for kyrkjelydsarbeidet.

April

- Fasteaksjonen 2022 til Kirkens nødhjelp ved konfirmatane
- 14. april kl. 11.00: Skjærtorsdaggudsteneste v/Vegard, lesar og kyrkjevert Heidi Fondenes. To dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 24. april kl. 11.00: Gudsteneste v/ Vegard Lie Bondevik og Kathrine Valle med utdeling av 6-årsbok, konfirmantane deltek og har gudstenesta. Ein dåp. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Mai

- 15. mai kl. 11.00: Gudsteneste og konfirmasjon i Ølmheim ved Andreas Danbolt. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Juni

- 12. juni kl. 11.00: Felles gudsteneste for 50-års jubilarer i Stedje kyrkje konfirmert i 1970, 1971 og 1972, ved Helge Torstad.

Juli

- 17. juli kl. 11.00: Gudsteneste ved Bjørn Magnus Hanserud, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
- 31. juli kl. 15.00: Felles friluftsgudsteneste på Fimreite, ved Andreas Danbolt. Kyrkjekaffi av kaffikomiteen på Fimreite. Offer til Norsk kyrkje i utlandet.

August

September

- 4. september kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Vegard. To dåp. Kyrkjekaffi ved Gunnhild og Gunn Kjersti. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Oktober

- 02.10.22: Hausttakkefest kl. 11 ved Vegard og Astrid Bondevik, utdeling av 4-årsbok, to dåp, soknerådet har ansvar for kyrkjefrukt, offer til kyrkjelydsarbeidet
- Laurdag 22. oktober: Tårnagentdag for 2013 og 2014 kulla

November

- 06.11.22: Helgemesse kl. 11.00 ved Vegard Bondevik Lie, to dåp. Offer til Redd Barna, kyrkjekaffigruppa (Rønnaug)
- 17.11.22: Kl. 16.30: Fellesrådet møter sokneråda på Leikanger, eventuelt med eige soknerådsmøte etterpå. Ikkje møte, men bestemt at me utsette neste møte til i januar 2023.

Desember

- 04.12.22: Lysmesse kl.16.00 ved Vegard, offer til Kirkens Bymisjon
- 11.12.22: Julekonsert i kyrkja, arrangør Norum songlag.
- 24.12.22: Julegudsteneste i Ølmheim kyrkje ved Vegard Bondevik Lie kl. 14.00. offer til Kirkens nødhjelp

Rekneskap 2022

- Samla utgifter 2022: 43471,68
- Samla inntekter 2022: 39579,50
- Underskot 2022: 3892,18

Revidert og godkjent med eit underskot på kroner 3892,18 i soknerådsmøte 23. januar 2023. I ettertid kom det fram at soknerådet vart fakturert for konfirmantane for 2023, og utan den fakturaen ville me ha gått i balanse eller hatt eit lite overskot.

For møtet,
Heidi Fondenenes (skrivar) og underskrift protokoll



Gunnhild Øvretun, underskrift protokoll

